

Vann Poesislam

Mona Rød vann årets diktkonkurranse i samband med Kartfestivalen, Poesislam, i følge nettstaden Litteraturgarasjen. Ho går dermed vidare til landsfinalen. Til Litteraturgarasjen seier Rød at det var kjempemoro og overraskande å vinne.

Snakkar om bibliotek

Midt-Telemark seniorlæring startar opp haustprogrammet sitt neste veke. Tema denne gong er bibliotek. Spesialbibliotekar Målfrid Lille vil snakke om bibliotektilboda i dag og ønske for framtida.

Elgbeite-taksering

Elgbeitet i Bø, Nome og Sauherad i år har vorte vurdert av Faun naturforvaltning i Fyresdal. Midt-Telemark landbrukskontor har lagt ut rapporten på si nettside. Ved landbrukskontoret meiner ein at rapporten er nyttig i vidare forvaltning av elgen og gir innblikk i korleis det står til med både elg og beite i dag.

Tips kánn:

redaksjon@boblad.no
Tlf. 35 95 19 45

Mariposa



på Meierismuget. Ho seier at ho ikkje kjenner til saka. Heidi Røneid på Roxy Kaffeebar ønskjer ikkje å kommentere konkurransen.

Tormod Hynne i Sentrumsringen seier at han ikkje kjenner til saka.

– Sentrumsringen hadde eit

møte med kommunen før Mariposa vart starta. Der vart det sagt frå om at medlemmane i Sentrumsringen meinte at det var feil at kommunen starta opp ei konkurrerende bedrift, seier Hynne.



KOMMUNEREFORMA



Pådrivar. Fylkesmann Kari Nordheim-Larsen har fått i oppdrag frå kommunalministeren å sjå til at prosessane som blir sett i gang blir avslutta innan våren 2016.
Foto: Anne Spånem

Kallar til konferanse

Arbeidet med kommunereforma startar opp etter sommarferien. Kommunalministeren har gitt sine instruksar og 26. august arrangerer Fylkesmannen sin startkonferanse i Bø.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

I kommuneproposisjonen i mai presenterte regjeringa planen for kommunereforma, eller kommunesamanslåingane som nokre vil kalle det. 18. juni fekk regjeringa fleirtal for reforma i Stortinget og 3. juli sende kommunalminister Jan Tore Sanner ut oppdragsbrev til alle landets fylkesmenn. Regjeringa ønskjer at Fylkesmannen skal ha ei sentral rolle i gjennomføringa av kommunereforma. Den ønskjer også at fylkesmannen samarbeider med kommunanes organisasjon, KS, lokalt.

Har lokalkunnskap

– Fylkesmannen har god kunnskap om kva utfordringar fylket har og også om situasjonen til dei enkelte kommunane. Fylkesmannens oppgåve er å sjå heilheita i regionen og dessutan sjå til at prosessane som er sett i gang blir avslutta innan våren 2016, står det i brevet.

Eitt av tiltaka frå Fylkesmannen i Telemark er oppstartskonferansen. På den vil ulike

aktørar og samarbeidskonstellasjonar bli presentert. Erfaringane frå prosessen Lifjell rundt så langt står blant anna på programmet. Møtet har tidlegare blitt lansert nærast som ein sjekkeplass for kommunane.

Kommunane skal vere med å diskutere kva ein god prosess for arbeidet er. Tema som informasjon og kommunikasjon undervegs, kva som er funksjonelle kommunar og korleis ein forstår eit styrka demokrati står på planen for debatten.

Lokale grensejusteringar

I oppdragsbrevet til Fylkesmannen skriv departementet at spørsmål om lokale grensejusteringar må takast opp i prosessane som startar no og ikkje takast som eigne prosessar slik det har vore vanleg å gjere. Fylkesmannen må også legge til rette for prosessar på tvers av fylkesgrenser der det er ønskje om det.

Forenkler prosessen

Departementet vil også lage alternativ til dei lokale utgreiingane som vanlegvis blir gjennomført når kommunar ønskjer å vurdere samanslåing. På departementet sine heimesider vil det bli offentleggjort informasjon som kan brukast. Det vil også bli utarbeidd ein rettleiar om korleis kommunane kan starte opp prosessen. Departementet vil finansiere ein

prosessrettleiar hjå fylkesmennene.

Sidan departementet meiner verktøya som blir utarbeidd vil erstatte tradisjonelle utgreiingar vil det ikkje frå no av bli gitt støtte til nye utgreiingar. Kommunane vil få dekt 100.000 kroner til utgifter knytt til informasjon og folkehøyring. Departementet vil forenkle rutinane og betale 100.000 kroner til kommunar som gå igjennom prosessen og gjer vedtak om vegen vidare innan 2016.

Skal vurdere heilheita

Når kommunestyra har gjort sine vedtak, skal Fylkesmannen vurdere dei samla vedtaka. Fylkesmannen skal legge vekt på heilheita i regionen og fylket.

Det vil bli utarbeidd rutinar for følgjerapportering til departementet fordi ein meiner dei tradisjonelle rapporteringane ikkje er hyppige nok, skriv departementet.

Regionane til vurdering

Parallelt med kommunereforma set regjeringa i gang arbeidet med å utgreie eit regionalt nivå. Departementet lyser no ut oppdraget skriv det på nettsida 18. august. Fristen for å kome med tilbod var 20. august og fristen for slutt rapporten er 17. november. Dette arbeidet skal ikkje påverke tidsplanen for kommunereforma, seier Sanner ifølgje nettsida.